

Husbyggjinga har svikta, betre i år

10.01.2014



Prosjektet til Geir Rusten på Eikelandet vil bidra til å retta opp statistikken i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mykje tyder på at 2014 vert eit godt år for husbyggjinga i Uskedalen
Fleire posjekt er no på gang og ligg an til fullføring, Det vil i så fall vera
ein positiv kontrast til utviklinga dei siste 3 åra,
for dei har vore prega av ein svikt i byggjinga .**

**Medan talet på fullførte husvære var 9 i 2011 vart det
fullført 6 i 2012 og berre 4 i fjor.
Til samanlikning var Dimmelsvik i fjor heilt oppe
i 9 og toppa statistikken i den indre delen av kommunen.**

Hvis ein så ser på statistikken for heile Kvinnherad har tendensen vore noko varierande i dei seinare åra. I 2008 vart det fullført 121 husvære, men året etter gjekk talet attende til 55 for så å auka att til 85. Dei siste 3 åra har det i rekkefølge vore fullført 76, 77 og 60 hus.

Med dei 4 husa på fjarårsstatistikkken ligg vår bygd langt nede. Det er Halsnøy/ Fjelberg som toppar med 10 husvære og 5 hytter og så kjem Dimmelsvik med 9 og Husnes med 8 husvære og ei hytte.

På oversikten over store byggje- og anleggstiltak har Uskedalen med eit prosjekt, det er hallen til Myklebust Maskinstasjon ved Musland med sine 384 kvadratmeter.

Av Ola Matti Mathisen